

Til Samferdslesjef Gottfried Heinzerling,

Kopi: Arne Bergsvåg, leiar i samferdslenemnda

20. november 2018

FINNØYFERJENE OG RYFYLKEFERJA

Med referanse til vedtak i nemnd og ting i juni, der Finnøy og øyane deira skal få 2 nye og større ferjer, utan begrensningar, medan den nordre, austre og søre delen av Ryfylke skal ta til takke med ei ferje som skal ha restriksjonar på driftstimer og ruteopplegg, vil me komma med ei oppmoding og forslag til ei betre nytting av dei 3 ferjene, for å redusera ulempen for dei plassene som nå vert råka av omlegginga av rutene.

Me er i dialog med Kolumbus om eit ruteopplegg, og har eit utkast der alle stadane får to anløp til dagen, der me brukar dei timane eit mannskap kan gå per dag. Dette går utover den opningstid vedtaket av 12. juni seier, men dette må kunna avvikas. Samstundes har øyane sitt utkast, der den nordre delen er så godt som fjerna fra ruteplanen. Dei bruker punktet om at øyane skal prioriteras for alt det er verd, og bryr seg lite om konsekvensane for andre. Så skal Kolumbus prøva å stetta dei ulike krav og ønsker, og samstundes halda seg innanfor dei låge grensene fylkespolitikerane vedtok.

Når me så veit at dei to nye ferjene som skal gå mellom øyane i Finnøy har tid og kapasitet til mye meir enn det, og samstundes viser til vårt forslag til kapasitetsauke på 60% og framleis gå til Nedstrand, Foldøy og Hebnes, så er spørsmålet om ein ikkje heller må sjå desse 3 ferjene i ein samanheng, og ikkje ha tette skott mellom dei to rutene?

Her det snakk om ressursutnytting, i ei tid då det er viktig å få mest ut av kvar krone.

Forslaget vårt er det at ei av dei store nye ferjene tar seg ein tur til Nedstrand, Foldøy og Hebnes midt på dagen, då vil desse plassane få to anløp for dagen. Kolumbus sitt opplegg er nå at den nordre delen får avgang sørover på morgonen, og tur nordover på sein ettermiddag.

Med dette vil den nordre delen få to turar for dagen, som er eit minimum, og dei seks øyane vil få sine turar kvar dag, mot nå når dei har bilførande båt annankvar dag.

Me vil oppmoda Rogaland Fylkeskommune, både administrativt og politisk, å retta opp det meiningslause vedtaket som vart fatta den 12. juni, og ta vårt forslag inn i planane for dei nye rutene. At to organisasjonar (Vegkontoret og Kolumbus) skal laga ruter for kver sine ferjer, som skal trafikera det same farvatnet, meiner vi er heilt meiningslaust.

Helsing

Nedstrand Bygdeutval Ingeborg Baustad